



Trafikkstøyen vert minimal, meiner Bakke.

Som lova er innflyttinga no godt igang i Ospelunden, det hittil største bustadområdet i Uskedalen med plass til over 60 leilegheiter. No er det dei første tomannsbustadane som vert tekne i bruk og dei som har kjøpt slike er fulle av optimisme. uskedalen.no har ikkje så langt registrert ein einaste kritisk merknad.

- Bustadane passar bra for ein einsleg med to born, slår Tommy Eidsvik fast.

- Vi har berre positive kommentarer til bustaden og feltet der han ligg, seier Jan Bakke, som har flytta inn saman med forloveden.

Tomannsbustadane er ein kopi av Hagetunet, eit svært vellukka prosjekt i sentrum.

- Det er enkelt og praktiske hus med fin utsikt, oppsummerar Tommy som har flytta frå Neset.

Han har heller ikkje noko negativt å anføra om prisen som er 2,15 million. Eit ytterlegare pluss er at ein sparar energi.

Bakke som er uføretrygda kjem flyttande frå heimbygda Ulvik saman med forloveden Margunn Kjærland som er frå Uskedalen og har vore barnehageleiar her- Dei har budd i Hardangerbygda dei 2 siste åra.

Paret hadde bestemt seg for å flytta hit og hadde festa seg ved eit prosjekt i Halsabrotet. Men det vart for mykje om og men med dette og då det dukka opp ein annonse for Ospelunden fell dei heller for han.

Handelen vart fort bestemt. Det var plassen som framfor alt gjorde utslaget. Prisen betydde ikkje noko, den var underordna, understrekar Jan. Men det var eit poeng at mora til Margunn bur på andre sida av fylkesvegen. Margunn og Jan har ikkje reagert på trafikkstøy og rosar gjennomføringa av prosjektet. Og no står berre noko småplukk att. Med Kvinnherad Bygg og eigaren har det vore eit godt samarbeid.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



- Ingenting å seia på prisen, seier Tommy Eidsvik